

SPRÅKRÅDET

┌
Kultur- og kyrkjedepartementet
Kulturavdelinga, seksjon KU3
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO
└

REF.

VÅR REF.
200500412-13 ER

DATO
06.03.2006

Strategidokumentet *Norsk i 100!* med følgjeskriv

Styret i Språkrådet sender med dette over til behandling i departementet strategidokumentet for norsk språk, *Norsk i 100!*.

Strategidokumentet har vore drøfta på fleire møte i styret, og på møtet 28.2.06 godkjende styret eit følgjeskriv til dokumentet. Det understrekar og prioriterer det styret ser som dei viktigaste utfordringane og tiltaka for norsk språkpolitikk i framtida.

Med helsing

Sylfest Lomheim
direktør

Vedlegg: *Norsk i hundre!*
Følgjeskriv til *Norsk i hundre!*

Tilråding om *Norsk i hundre!* frå interimsstyret i Språkrådet

Overordna synspunkt frå styret

Styret viser til innstillinga *Norsk i hundre!* og understrekar og gjev full støtte til hovudtenkinga: For å sikra at norsk held fram som nasjonalspråk i Noreg må det utformast ein samla språkpolitikk for framtida. Politikken må forankrast i tre demokratisk baserte rettar: retten til nasjonalspråk, retten til morsmål og retten til framandspråk. Det overordna målet er å sikra at nynorsk og bokmål blir brukte på alle område i samfunnet, og at norsk språk er det naturlege valet i alle situasjonar der det ikkje er nødvendig å bruka framandspråk.

Det inneber mellom anna å leggja forholda spesielt til rette for nynorsk som mindretalsspråk. Spissformulert kan ein seia at så lenge nynorsk og bokmål ikkje er fullt likestilte, kan ikkje norsk, forstått som to likestilte målformer, seiast å vera fullt ut samfunnsberande.

Styret vil vidare understreka at mandatet for forfattarane av *Norsk i hundre!* har vore avgrensa til norsk skriftspråk. Det låg heller ikkje i mandatet at strategigruppa skulle ta opp viktige språkpolitiske område som normering av norsk og situasjonen for minoritetsspråklege. Strategigruppa peikar på desse punkta som må reknast med til ein heilskapleg norsk språkpolitikk:

Vedlikehold og utvikling av mest mulig hensiktsmessige ortografiske prinsipp for nynorsk og bokmål samt for de av minoritetsspråkene der normeringsansvaret helt eller delvis ligger i Norge, og der dette ansvaret ikke er lagt til egne institusjoner, slik tilfellet er med samisk.

Sikring av rettighetene til de som har ett eller flere minoritetsspråk som morsmål, med utgangspunkt i nasjonal lovgivning og i internasjonale forpliktelser.

Styrking av fremmedspråkskompetansen i befolkningen og av forståelsen for at morsmålskompetanse og fremmedspråkskompetanse ikke utelukker, men styrker hverandre.

Norsk i hundre!, s. 18

I tråd med dette meiner styret det er behov for å få laga ein generell analyse av språksituasjonen i Noreg, der det òg blir lagt vekt på situasjonen for dei nye minoritetsspråka. I ein slik samanheng må ein òg vurdera om det nye Språkrådet skal ha eit særleg ansvar, ikkje berre for norsk språk, men for språk i Noreg allment.

Strategigruppa legg vekt på at sjølv om norsk er sterkt svekt på viktige område, er norsk som språk ikkje truga i dag. Styret vil likevel understreka at sjølv om det når dette blir skrive, ikkje synest å vera direkte fare for at norsk skal forsvinna i dei neste femti eller hundre åra, trengst det ein beredskap og ein politikk for norsk. Ferske undersøkingar tyder på at nesten 20 % er positive til å gå over til å bruka engelsk. Styret ser det slik at det er eit solid varsku om nedslåande haldningar når 20 % er klare til å gje opp norsk, og når 40 % er positive til å bruka engelsk som arbeidsspråk. Dette kan tyda på at engelsk som høgstatusspråk får ei stendig sterkare stilling, slik det mellom anna er uttrykt i den siste maktutgreinga:

I Norge, som i mange andre land, har det nasjonale språket kommet under press. Det påvirkes og fortrenses av angloamerikansk, som er globaliseringens eget språk. Norsk er i ferd med å bli et underlegent språk. Dette har dyptgripende konsekvenser kulturelt sett, men også for makt og demokrati.

Sitert etter *Norsk i hundre!*, s. 19

Rapporten *Framtidas norskfag* peikar på behovet for ein språkpolitikk som får innverknad i barnehage og skule. Rapporten er laga av ei arbeidsgruppe nedsett av Utdannings- og forskingsdepartementet og vart levert til Kunnskapsdepartementet i januar 2006. Her heiter det mellom anna:

Dei overnasjonale prosessane skaper ein situasjon der norsk språk blir pressa, og under slike forhold vil norskopplæringa i skole og barnehage vere svært viktig. Kunnskapar om språk og språkutvikling kan bidra til å styrke ei aktiv haldning til norsk som nasjonalspråk, og skolen må ta sin del av ansvaret for å byggje opp slike haldningar. Det er mange krefter i samfunnet som påverkar språkutviklinga, for eksempel media, næringsliv og reklame. Ein skole som ikkje satsar på haldningar til språk, vil la desse kreftene få fritt rom.

Framtidas norskfag, s. 18

Oppsummert vil styret peika på at det finst eit solid utgreiingsgrunnlag for å be regjeringa arbeida fram ein samla språkpolitikk for landet vårt.

Råd frå styret om oppfølginga av *Norsk i hundre!*

1 Det bør lagast ei stortingsmelding som behandlar dei prinsipielle synspunkta som blir lagde fram her og i *Norsk i hundre!*. Målet med meldinga må vera at det blir vedteke ein overordna norsk språkpolitikk som det skal takast omsyn til ved utforminga av politikk på alle relevante område i samfunnslivet.

2 Måla for det nye Språkrådet bør utformast gjennom ei lov med forskrift, som då blir eit lovfest uttrykk for den statlege språkpolitikken. Det hastar å få på plass ei slik endeleg forankring av det nye organet.

3 Det er grunnleggjande at den norske språkpolitikken blir forankra i Stortinget og regjeringa og ikkje berre lagd til eitt departement, Kultur- og kyrkjedepartementet, slik han er i dag. Døme på departement som er svært viktige for å sikra måla og tiltaka som blir fremja her, er Kunnskapsdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og den tverrdepartementale gruppa som har ansvar for it-utviklinga.

Ut over dei overordna synspunkta som her er framlagde og tiltaka som går fram av *Norsk i hundre!*, vil styret understreka desse punkta:

4 Det er naturleg å dela statens ansvar for språk på tre nivå:
– stortingsnivå, lovgjevande og politikkformande tiltak
– regjeringa, utøvande organ for politikken, gjennom statsministerens kontor og departementa
– Språkrådet og andre faglege og administrativt utøvande språkorgan (til dømes Sametingets språkavdeling)

5 Styret vil peika på framlegget i *Norsk i hundre!* om å lovfesta ansvaret for å utvikla eit norsk fagspråk. I tillegg ber styret departementet reisa framlegg om å ta inn att ein paragraf om norsk undervisningsspråk i lov om universitet og høgskular. Ein slik paragraf, som presiserte at norsk til vanleg skal vera undervisningsspråket i høgere utdanning, vart teken bort av eit fleirtal i Stortinget i 2002.

6 Styret vil understreka sterkare enn strategigruppa har gjort at arbeidet med norsk som forskingsspråk ikkje må forsømmast, men utvidast. Det nye belønningssystemet for forskning i høgskular og universitet ser ut til å premia nokså mekanisk forskning som er skriven på engelsk framfor forskning på norsk. Styret meiner å kunna slå fast at det på ei rad område er viktig at nettopp grunnforskninga blir gjennomført på norsk, og at dette i seg sjølv er viktig for å sikra andre mål, som at formidling og undervisning i høgere utdanning må gå føre seg på norsk.

7 Styret vil understreka den rolla barnehagane har for å sikra eit medvit om språk. Ansvaret for at ungane skal få respekt for eige og andre sitt talemål, at dei får rikeleg tilgang på bøker, filmar og data-program på norsk (nynorsk og bokmål) bør vera ein grunnleggjande del av den nye språkpolitikken.

8 *Norsk i hundre!* peikar på at dei store riksavisene i dag diskriminerer nynorsk ved at dei ikkje tillet nynorskjournalistar å bruka målforma si. Styret ber departementet vurderer om det kan setja inn tiltak for å sikra at denne diskrimineringa tek slutt. Eitt døme på eit statleg tiltak kan vera at ein ikkje gjev momsfrítak for større riksaviser med allment formål dersom dei ikkje opnar for – og oppmodar om – å bruka begge målformene på redaksjonell plass i avisa.

9 Det bør tilsetjast ein rådgjevar på høgt nivå ved statsministerens kontor. Ei formalisering av den språklege kontrollen med språket i nye lover er viktig. Me vil og peika på det systemet ein har hatt sidan 1993 i Sverige, med ei eiga klarspråksgruppe i Justisdepartementet, samansett av administrative leiarar, juristar og språkeksperter.

10 Gjennomføringa av politikken bør rapporterast gjennom ei fast melding til Stortinget. Her kan òg dagens mållovsmelding takast inn. Ut frå krava til meldinga kan det tenkjast ei årleg melding, ei toårig eller ei fireårig melding.

Nokre utdjupande kommentarar

Språkpolitikken og Stortinget

Den strategiske språkpolitikken me ber om, må dekkja heile feltet – tilhøvet mellom norsk og engelsk i det norske samfunnet, staten som språkaktør, normering, medium og kulturliv, teknologisk utvikling. Me meiner ei stortingsmelding og ein brei debatt i Stortinget er det rette utgangspunktet for saka. Meldinga må utformast slik at det går tydeleg fram kor gjennomgripande og total ein moderne språkpolitikk må vera om han skal fungera og ha nokon effekt. Språkpolitikken må stadig vera forankra i eitt departement, Kulturdepartementet, men det må vera forståing for at det er eit tverrdepartementalt ansvar å utøva statens språkpolitikk. Alle delar av forvaltninga må gjennomføra språkpolitikk på sine område. Å sikra norsken i framtida er ikkje berre eit spørsmål om kulturell beredskap; det er tale om praktisk politikk på alle område av samfunnet.

Så tidleg som for nesten tretti år sidan skreiv den svenske språkmannen Bengt Sigurd (*De nordiske språk- enes framtid*, 1977) om dei sju faktorane som etter hans syn til saman utgjer *motstandskrafta* og *overlevings- evna* til eit språk: talet på brukarar, økonomisk styrke, politikkuforming, kvalitet og autoritet på standardiseringa, språkautonomen, språkhistorisiteten, språkvitaliteten. Hans formel for språkleg overlevingsevne er gyldig den dag i dag og kan takast med som ein del av grunnlaget for ein heilskapleg politikk.

Språkrådet treng formell og politisk ryggstø for å ha autoritet til å fylla samfunnsoppgåva si tilfredsstillande. I lys av dette er det vår vurdering at Stortinget bør vedta ei lov som slår fast føremålet med Språkrådet – kva slags rolle, verkeområde og ansvar statens språkorgan skal ha. Lova må òg innehalda paragrafar som tek for seg kva språkpolitikk organet skal forvalta.

Etter dagens ordning sender Kulturdepartementet fjerdekvart år (på grunnlag av materiale frå Språkrådet) ei mållovsmelding til Stortinget, jf. St.meld. nr. 7 (2005–2006). Me ber departementet vurderer ei ordning med ei årleg, toårig eller fireårig melding til Stortinget om *språksituasjonen i Noreg*. Meldinga bør omfatta heile det språkpolitiske området – forvaltning, undervisning og forskning, kulturlivet (medrekna bokproduksjon), medium, teknologi, næringsliv. At måljamstillinga går inn som ein del av dette, svekkjer ikkje den saka. Styret meiner tvert om at det kan vera til styrking at meldinga om måljamstillinga blir ein del av ei større språkpolitisk rapportering.

Det må inviterast til ei forståing i Stortinget om at dei relativt små kostnadene som ein ny språkpolitikk fører med seg, er investeringar for å ta vare på verdiar som elles vanskeleg let seg måla. Det er i det heile vanskeleg å kostnadsrekna samfunnsnyttan av å halda oppe det norske språket, men dét er snarare eit uttrykk for at han er uforståeleg stor enn at han er liten.

Språkpolitikken og departementa

Første punkt på det departementale nivået er at statsministeren, som leiar av regjeringa, lyfter opp språkpolitikken til eit tverrgående nivå, og at så Kultur- og kyrkjedepartementet får ressursar og fullmakter til å ha oppsyn med at samordninga fungerer.

Mållova bør gjennomgåast, med sikte på å få presisert verkeområdet, og ho må tydeleggjera ansvar og konsekvensar for dei som bryt lova grovt over tid.

I løpet av 2006 skal Kunnskapsdepartementet koma med ei ny forskrift til opplæringslova. Denne forskrifta er svært viktig språkpolitisk, og Kunnskapsdepartementet bør leggja vekt på å få inn merknader frå Kulturdepartementet før forskrifta får sin endelege versjon. Når det gjeld *norskfaget i skulen*, må det vera ei klar forståing av at det står mykje meir enn utdanningspolitiske omsyn på spel. Det ville vera til stor skade om det utdanningspolitiske og det kulturpolitiske ikkje arbeidde hand i hand i eit så vitalt nasjonalt spørsmål. Her er to nøkkelord – *haldningsarbeid* i skule og barnehage, og *kvalitetsproduksjon av tekster* (særleg nynorsktekster), sidan sambandet mellom lesing og skrivedugleik er så viktig.

Den *godkjenningsplikta* som forlaga er pålagde i dag når det gjeld ordlister og ordbøker til bruk i skulen, må liggja fast. Ein kan heller vurderer å utvida ordninga til å gjelda andre læreverk.

Kunnskapsgrunnlaget for den offentlege språkpolitikken må sikrast gjennom forskning – kanskje eit eige forskingsprogram. Ansvarleg for dette kan vera Kunnskapsdepartementet og Noregs forskingsråd. Språkrådet, ved sine fire fagråd, bør få midlar til eigne, mindre prosjekt og elles få høve til å kunna engasjera seg i større prosjekt gjennom samarbeid med forskingsmiljøa.

Det må utviklast forpliktande samarbeidsformer for fagspråkleg kvalitetssikring mellom ulike departement, direktorat og andre offentleg instansar.

Sidan den nye språkpolitikken bør bli tverrgående og gjelda dei fleste forhold i staten, rår styret til å oppretta ei stilling, til dømes som seniorrådgjevar, ved Statsministerens kontor. Ei slik stilling må ha ansvar for departemental samordning og overordna tilsyn. Den som har denne stillinga, vil dermed òg bidra til at språkpolitiske perspektiv har eit dagleg nærvær i det sentrale regjeringskontoret.

Rolla til Språkrådet

Med det utgangspunktet me her legg opp til, blir det viktigaste målet for det nye Språkrådet å få nok olbogerom til å kunna vera ei drivkraft for den norske språkpolitikken. Eit byråkratisk kontrollorgan, utan nødvendige fullmakter og utan status i media og blant folk flest, er det me minst ønskjer.

Den viktigaste oppfølginga av strategidokumentet i Språkrådet er å etablera *fire fagråd* med kvart sitt språkpolitiske ansvarsområde. Dette skjer i løpet av 2006. Det er desse fire fagråda, med handplukka representantar frå utdanning, medium, forskning, næringsliv og statsforvaltning, som skal arbeida med å setja ut i livet tiltak som kan møte dei utfordringane utgreinga skisserer.

I samband med at det blir oppretta fagråd, dannar sekretariatet i Språkrådet *faggrupper internt*. Denne organiseringa blir sjølv motoren for å driva språkpolitikk og språkstyrking i åra framover i Språkrådet.

Dei viktige arbeidsoppgåvene for fagråda er gjorde greie for i dokumentet om fagråda, jf. styresak 1.6/06. *Samfunnskontakt* og *språkstyrking* er dei to overordna omgrepa i denne samanhengen.